

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 6/2006

Møtedato: 1.2.06

Arkiv nr: S 750

S 750, Flisøyne – overføring av støl

I stølsregistrert står det at S 750 på Flisøyn er registret til Vårli 71/22.

Birger Strømmen eigde Vårli 79/22 og fekk vist ut støl til eigedomen i 1957. Dette er ei tomt på ca 4 daa og kan ikkje lengre reknast som landbrukseigedom. Det var tidlegare vanleg praksis å vise ut støl til "tomtebruk". I 1974 kjøpe Birger Strømmen Øygarden 75/9. Stølen på Flisøyn har vorte brukt til Øygarden 75/9 sidan denne tid. Geir Strømmen overtok Øygarden i 1983 og mor til Geir Strømmen, Sigrid Strømmen, eig Vårli 71/22.

I fjellstyresak 21/87 har S 750 vorte rekna som å høyra til Øygarden 75/9. Geir Strømmen står registert som stølsbrukar i stølsregisteret, men stølen står likevel registert til Vårli. Ved gjennomgang av arkivet kan ein ikkje sjå at det er godkjent overføring av stølen. Statskog har i brev datert 26.1.05 bedt Geir Strømmen å ta dette opp med fjellstyret. Geir og Sigrid Strømmen søkjer i brev datert 23.1.06 om at stølen blir registeret til Øygarden 75/9.

På stølen er det inngjerda ca 20 daa og 15 daa av dette er oppdyrka. I stølsregisteret står det at stølen er på 9 daa. Geir Strømmen skriv at han ikkje kan minnst at inngjerda areal er endra. Ei forklaring kan vera at oppdyrka areal har auka gjennom åra og at ein kan ha blada desse to areala. Han ber om at korrekt areal blir registrert.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner at stølen blir overført frå Vårli 71/22 til Øygarden 75/9.

Fjellstyret godkjenner at stølsutvisninga blir korrigert til 20 daa og ber Statskog rette dette opp i stølsregisteret.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 2.2.06.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Geir Strømmen
Statskog
Vestre Slidre kommune